



årsmelding 2001



SIM

Innhald

1 Normalår – mot nomalt	s. 3
2 SIM fram til i dag	s. 4
3 Føremålet med selskapet	s. 5
4 Organisering	s. 6
5 Styret si årsmelding	s. 9
6 Avfallsmengder	s. 12
7 Attvinning	s. 13
8 Avfallsgebyr	s. 15
9 Sigevassparametrar Svartasmøget	s. 16
10 Rekneskap	s. 17
Balanse 2001	s. 18
Resultat 2001	s. 19
Kontantstraumoppstilling	s. 20
Konsernbalanse	s. 21
Konsernresultat	s. 22
Notar til rekneskapen	s. 23
Investeringstablå	s. 26
Revisjonsmelding	s. 27



Sunnhordland Interkommunale Miljøverk

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes

Innbyggjarar: 55.230

Abonnentar: Vanlege: 22.250, hytter: 5.155

Abonnentar som heimekomposterer: 4.689

Kg per innbyggjar 2001: 307

I redaksjonen: Hege Myklebust

Foto fram- og baksida: Jan Rabben. Solblom på Hiskjo, Bømlo kommune.

Solblomen har mange stader gått sterkt attende i nyare tid. På Hiskjo finn me den største førekomensten i Hordaland.

Formgjeving: Okular DA

Trykk: Sunnhordland

Opplag: 800

Trykt på resirkulert papir

1

Normalår – mot normalt

Etter mange år med store investeringar, oppbygging av kapasitet og kompetanse, og omlegging av drifta på grunn av store mengder bos frå Bergen, har me i 2001 hatt noko så unormalt som eit normalår.

Drifta har vore stabil og utan store endringar. Det kan sjå ut til at veksten i avfallsmengd har stoppa opp, noko som er gledeleg og i tråd med dei måla me har sett oss. Mengda som vart levert til deponi i 2001 ligg under nivået frå 1996, noko som viser at deponiet er mindre viktig enn tidlegare.

Abonnentane i SIM-området er framleis flinke til å sortera avfallet sitt, og sorteringsgraden ligg om lag på same nivå som tidlegare år. Det er likevel tydeleg at medvitet om kor viktig kjeldesorteringa er heile tida må haldast oppe gjennom god informasjon.

At det ikkje har vore gjort store investeringar gjennom året heng saman med at me no er kome opp på eit høgt nivå når det gjeld avfallsordningar, både på miljøstasjonane, på hovudanlegget i Svartasmøget, og når det gjeld henteordninga. Der me er no, oppfyller me alle miljøkrav, dels med betre miljøløysingar enn me er pålagde.

Driftsresultatet viser eit overskot på drifta av kommunale avfallsordningar, noko som kan koma til å gje utslag i lågare gebyr til abonnentane.

Alt produksjonsavfall frå næringslivet vert no teke hand om gjennom datterselskapet vårt SIM Næring

AS, og deira datterselskap SIM Transport AS. Dei har aktivt samarbeid med dei fleste store verksemndene i medlemskommunane, og aktiviteten har òg teke seg opp på Haualandet etter at SIM Næring AS kjøpte opp Innvær Container Service AS, som hadde avdelingar på Bømlo og Karmøy. Den største utfordringa for SIM Næring AS har vore demoleringa av den britiske oljeplattforma Maureen, eit stort oppdrag som no er godt i gang.

Rammevilkåra for å driva avfallshandtering endrar seg heile tida, og det vert stadig sett nye miljøkrav til drifta av avfallsanlegg. Dette gjer at me har mange utfordringar i vente, men me kjenner oss godt skodde for det som måtte koma. Med ordna økonomi og gode medarbeidarar kjenner me oss trygge på at me vil finna gode miljøløysingar til låge kostnader òg i framtida, åleine eller saman med andre.

Eg takkar samarbeidspartnarar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i året som gjekk.

Med helsing



Terje Gilje
Dagleg leiar

2

SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd med hovudanlegg i Svartasmøget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Nærings AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurranse. I 2001 har SIM Nærings ekspandert på fleire område. Dei flytte frå Svartasmøget til eigne, større lokale på Eldøyane næringspark, og har kjøpt opp Innvær Container Service (ICS) på Bømlo. Administrasjonen frå ICS er òg flytt til Eldøyane no, og det vert drive som eit eige selskap under namnet SIM Transport. ICS Rogaland som driv på Karmøy skal òg bli ein del av SIM Transport, men det vert fyrt formalisert i 2002. SIM Transport har i tillegg overteke transportfirmaet G&K Pedersen ANS på Karmøy.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.230 innbyggjarane og 15.- 20.000 hytte-

brukarane i regionen. Det er innført kjeldesortering i alle medlemskommunane med sortering i dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd bemanna miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushaldningane kan sortera ut spesialavfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall med meir. Dette må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmøget, som inneholder administrasjonsbygg, deponi, miljøentral og hall og utstyr for kompostering av våorganisk avfall. Her er også anlegg for mottak og handsaming av avlaupsslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforureining av luft, vatn og nærområde, og vil arbeida for å oppfylla nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.



Svartasmøget: På biletet ser me administrasjonsbygget og garasjen/verkstaden med oppsamlingsplass for spesialavfall. Ved sida av er miljøentralen under opprusting (nybygget).

3

Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga.

Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.

5. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.

6. Selskapet har ikkje erverv til føremål

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA dekkjer sju kommunar i Sunnhordland. Det er miljøsentralar i seks av kommunane der innbyggjarar og verksemder kan levera frå seg alle typar avfall som er for stort/mykke eller farleg til å levera i bosunkane.



4

Organisering

Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta. SIM Nærings AS er eit heileigd datterselskap til SIM, SIM Transport AS er eit heileigd datterselskap til SIM Nærings AS. Båe selskapa har eigne generalforsamlingar, eigne styre og eigne dagleg leiarar.

4.1 Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordele slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2. Representantskapet har hatt eitt møte i 2001 (april) der dei handsama 9 saker, og ei omfram samling i desember.



Styret i SIM 2000-2001. Bak frå venstre: Asle Bernt Rekve, Tysnes, Hans H. Berge, Kvinnherad, Olav P. Årland, Austevoll, Magnus Skaa-den, Sveio, Jarle Nakken, Stord (vara for Else Berit Helle). Framme frå venstre: Kjell Egil Hollund, SIM, Magne Rolfsnes, Bømlo, Bjørn Haaland, Fitjar.


4.2 Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemene, etter at kandidatar er peika ut av medlemskommunane.


Kommune	Styremedlem	Varamedlem
Austevoll	Olav P. Årland (nestleiar)	Bjørn Wefring
Bømlo	Magne Rolfsnes	Ruth Berny Lønning
Fitjar	Bjørn Haaland	Odd Bondevik
Kvinnherad	Hans H. Berge	Gerd Røstbø
Stord	Else Berit Helle	Jarle Nakken
Sveio	Magnus Skaaden (styreleiar)	Henning Vestvik
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Nils Eivind Hansen
SIM	Kjell Egil Hollund	

Desse sat i styret ved utgangen av året. Styret hadde 10 møte i 2001 og handsama 46 saker.


Struktur:



Organisasjonskart



Organisasjonskart, tilsette



4.4 Eigarinteresser og datterselskap

SIM Næring AS

SIM Næring AS er eit heileigd datterselskap av SIM. Selskapet tek hand om produksjonsavfall og spesialavfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet.

Målsetnaden til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfallshandtering.

Pr 31.12.01 har selskapet 18 tilsette med kontor og sorteringsanlegg lokalisert i Eldøyane Næringspark på Eldøyane i Stord kommune. Omsetninga for 2001 var på 26 millionar kroner.

Selskapet eig òg SIM Transport AS inkludert ICS Rogaland. Omsetninga for desse var på 26 millionar, og det var 35 tilsette ved årsslutt.



Rekom AS



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av Kommunenes Sentralforbund, og meir enn 50 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Selskapet har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 66 av 3500 aksjar i Rekom, ein eigardel på 1,9 %.

Føremåla til selskapet er å hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for attvinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som råd for omsetning av avfallsfraksjonane.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Omsetninga i 2000 passerte 50 millionar. Dei største fraksjonane er papir og papp til materialattvinning og restavfall til energiattvinning.



SIM Næring AS og SIM Transport AS har administrasjon og sorteringshall sentralt på Eldøyane Næringspark, i nærleiken av Aker Stord og Aker Elektro.

5

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA driv med kommunal renovasjon og slutthandsaming av avfall.

I år 2001 fall mengda med avfall til deponi med 2,7 prosent, eller om lag 731 tonn. Selskapet har altså stabilisert seg på eit aktivitetsnivå på høgde med det som var før perioden med deponering av restavfall frå BiR starta.

Økonomi

Selskapet har investert monaleg mindre enn budsjettet i 2001. Dette skuldast at ny forskrift for deponi enno ikkje er ferdig utforma. Me er òg inne i diskusjonar om samarbeid med andre selskap om moglege framtidige felles løysingar. Investeringar knytte til næringsavfall vert no gjort i datterselskapa SIM Næring AS og SIM Transport AS.

Av ei omsetning på rundt 46 millionar, viser året eit overskot på 6,5 millionar. Selskapet hadde eit overskot på om lag 1,7 millionar på den kommunale drifta, etter fleire år med underskot. Overskotet bør resultera i reduserte gebyr ved neste budsjett.

Dei økonomiske resultata i årsmeldinga syner at føresetnadene for å halda fram med drifta er til stades.

Disponering av overskotet

Overskotet på 6,5 millionar vert lagt til eigenkapitalen.

Skattesak

Selskapet har lenge hatt ei uavklara skattesak. Varsel om skatteplikt for selskapet vart første gong varsle av Fitjar likningskontor i 1996, denne saka er no avklara. Den 3. juli 2001 kom Fylkesskattekontoret til at dei ikkje vil ta opp spørsmålet om skatteplikt frå og med 1996.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Ved utgangen av året hadde SIM 15 tilsette.

Sjukefråveret var på 8 prosent i 2001. Det har ikkje vore yrkesskadar med fråver.

Slutthandsamingsavgift

Selskapet vart frå 1999 pålagt av staten å krevja inn avgift på alt avfall som gjekk til deponi. Avgifta var i 2001 på 386 kroner inkl. mva. per tonn, og totalt utgjorde dette ein ekstra kostnad for selskapet på over 10 millionar kroner inkl. mva.

Liten auke i avfalls mengda

Hentefraksjonane (rest, bio, papir, glas/metall) for 2001 har auka med 0,31 % samanlikna med 2000. Totalt gjekk hushaldsavfallet ned med 0,25 %, medan næringsavfallet gjekk opp med 3,6 %. Talet på innbyggjarar auka med 1,01 %, og talet på abonnentar auka med 1,18 % frå 2000 til 2001. I alt henta SIM 307 kg avfall frå kvar innbyggjar i kommunane. Attrivningsprosenten var 46,6, det same som i 2000.

Miljøsentralane

Alle miljøsentralane er no ferdige i den funksjonen dei er tenkt å ha. Det har vore eit viktig satsingsområde for SIM å gje eit godt tilbod til abonnentane på dette området. Mellom anna er det folk tilsett ved alle miljøsentralane. Satsinga har vore ein del av styret sin strategi for å auka mengda med avfall som vert sortert ut for attvinning og for å motverka ulovleg deponering.

Det kjem inn til saman rundt 2.600 tonn forbruksavfall på miljøsentralane, det tilsvarer om lag 15 prosent av det totale forbruksavfallet. Totalt hadde miljøsentralane 13.115 vitjingar i fjar.

Kompost

Våren 2000 kunne selskapet ta i bruk den nye komposthallen i Svartasmøget. Drifta her er under kontinuerleg vidareutvikling. SIM deltek mellom anna i eit fellesnordisk prøveprosjekt som skal utvikla og evaluera ulike komposteringsmetodar og sjekka kvaliteten på komposten. Det er framleis uklårt kva krav som kjem til å verta stilte til kompost i framtida, og styret avventar nye direktiv.

I 2001 byrja SIM ta imot våtorganisk avfall fra Toraneset Miljøverk for kompostering.

Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle miljøstasjonane i området, og har vorte eit populært jordbetringsprodukt i hagar.

Naboundersøking

På vegner av SIM gjennomførte konsulent selskapet ICG ei driftsevaluering av Svartasmøget avfallsanlegg vinteren 2001. Ein del av denne evalueringa var ei spørjeundersøking blant naboane til fyllplassen for å avdekkja eventuelle ulemper dei måtte ha. Tidlegare undersøkingar er gjorde om våren, medan plagene gjerne vert opplevd som sterkare om vinteren. Denne undersøkinga er difor gjort om vinteren.

Det vart berre registrert luktplager i denne undersøkinga, korkje fugleplage eller støy er registrert. Luktplagene ligg på det same nivået og i same området i år som i fjor, det vil seia nord-vest for anlegget. Svarprosenten på spørje-skjemaet gjekk ned frå 18 % (1999) og 13,5 % (2000) til 11 % i 2001.

Undersøkinga har vore ein del av selskapet sitt arbeid med å redusera ulempene ved drifta.

Sigevatn – Resipientgransking

Kvart fjerde år vert det gjennomført recipientgranskingar av sjøområdet ved Storaviksholmane for å sjå om sigevatnet påverkar miljøet i sjøen på negativt vis. Det vart

gjennomført ei slik gransking i 2000, men resultatet var ikkje klårt før i 2001. Granskinga vart gjennomført av institutt for fiskeri- og marinbiologi ved Universitetet i Bergen.

Konklusjonane viser at det var tilfredsstillande oksygenforhold i heile området. Det var ingen tydelege teikn til ureining frå avfallslassen i strandsona. Innhaldet av tungmetall var generelt lågt, med unnatak av litt for mykje bly ved ein av målestasjonane. Det var ingen vesentlege endringar i tungmetallkonsentrasjonane samanlikna med granskinga i 1996. Faunaen på havbotn var artsrik på alle tre målestasjonane. Dei organiske miljøgjiftene PCB og PAH vart påviste i krabbe, men dette kan stamma frå andre kjelder i Stokksundet.

Sigevatnet vert overvaka og analysert, og det vert teke prøver av grunnvatnet og bekken under deponiet. SIM tek prøver av sigevatnet tolv gonger i året, og desse vert sende til akkreditert laboratorium. Prøvene vert analyserte for i alt 13 parametarar, m.a. ph-verdi og innhald av næringssalt og tungmetall (sjå tabell side 16).

Anna miljøovervakning

Gassen vert sogen ut av fyllplassen og brent i fakkel. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen CO₂.

Selskapet har også program for å halda skadedyr borte frå fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet.

På fyllplassen vert det berre jobba på eit avgrensa området om gongen, og dette vert dekt til kvar veke.

Hytterenovasjon

Ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. I året som gjekk vart det utplassert hyttetun i Austevoll og Tysnes. I tuna er det dunk for restavfall og papiravfall. Tuna vert merkte med gards- og bruksnummer etter kvart som dei vert sett opp. Hytteabonnentar

som bur nær henteruta, kan setja ut dunk for restavfall ved vegen.

Slamtøming

I 2001 vart det utført tøming av slamavskiljarar for hytter og heilårsbustader i Kvinnherad, og for heilårsbustader i Bømlo og Sveio.

Informasjon

SIM informerer heile tida abonnentane så godt som råd, og freistar halda oppe medvitet om kjeldesortering og avfallsreduksjon.

Dette vert gjort gjennom heimesidene våre (www.sim.as), SIM-nytt, og av og til gjennom lysingar i lokalpressa.

Alle abonnentar mottok i 2001 tre utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt, medan tømekalenderen vart send ut som eiga sending.


Det kom ut 13 nummer av det interne informasjons-skritet Stuttnytt i 2001, som går til alle tilsette og styra i konsernet.

Framtida

Det er framleis lite som er avklåra når det gjeld ramme-vilkåra for renovasjon og avfallshandsaming, noko som har ført til heller få investeringar i året som gjekk.

Det kan òg koma til å bli stilt andre krav til handsaminga av avfallet, til dømes om brenning heller enn deponering av restavfallet. Dette vil krevja samarbeid med andre aktørar, og det er sett i gang fleire utgreiingar og diskusjonar om samarbeid både med Haugesund/Karmøy/Toraneset og med BiR.

Det er heller ikkje gjeve ny konsesjon til drifta av Svar-tasmoget enno, i påvente av nye retningsliner. Det kjem truleg eit nytt EU-direktiv som vil påverka retningslinene for kompostering, og SIM må søkja nytt driftsløyve når desse reglane er på plass.



Sveio
Magnus Skaaden (styreleiar)




Fitjar
Bjørn Haaland




Stord
Jarle Nakken (vara)




Tysnes
Asle Bernt Rekve




Austevoll
Olav P. Årland (nestleiar)



Kvinnherad
Hans H. Berge



Bømlo
Magne Rolfsnes



Terje Gilje
Dagleg leiar

6

Avfallsmengder


For SIM-kommunane har mengdene med hushaldsavfall gått ned med 0,25 % sidan 2000, medan det for næringssavfall var ein auke på 3,6 %.

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Det vil seia at tala ikkje omfattar t.d. bilvrak. Tala er justerte for meir korrekt deling av avfallet i hushald og næring. I tillegg gjer dei stadig meir omfattande retuordningane det vanskelegare å presentera gode statistikkar for slikt avfall. Dette gjeld m.a. kuldemøblar, EE-avfall, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker.


I alt mottok SIM 16.962 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, mot 17.005 tonn i 2000. Av dette gjekk 46,6 % til attvinning, det same som året før.

Når det gjeld hentefraksjonane rest-, bio- og papiravfall, og me i tillegg tek med glas/hermetikkboksar, er det ein auke på 0,31 % i høve til 2000. Restavfallet har auka med 0,99 %, papirmengda har gått ned med 1 %, våtorganisk avfall har gått ned med 0,24 %, medan mengda på glas/hermetikk gjekk ned med 1,06 %.


Avfall henta heime hos folk:



Mengder henta i kommunane (inkl. glas), prosentvis endring frå 2000:




Mengder til deponi (i tonn):



Prognosane for mengd til deponi i 2001 var på 24.600 tonn. Resultatet viser at det blei deponert vel 26.400 tonn i Svartasmøget i fjar.

Samla mengd avfall som SIM tek hand om:



Samla avfallsmengder (i tonn):

Til saman: 41.602

7 Attvinning

Me har tre typar attvinning:

Ombruk – dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av. Døme er sykclar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer.

Materialattvinning – når avfall vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er når glas vert brukt til isolasjon, til nye flasker eller glas, eller som råstoff i Glava-matter.


Energiattvinning – når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.

I 2001 gjekk 46,6 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane, til attvinning; dette er om lag det same som for dei tre føregåande åra. Unnateke dette talet er avfall samla inn gjennom dei landsomfatande returordningane der SIM ikkje har tilgjengeleg

statistikk for det avfallet som oppstår i regionen. Dette gjeld m.a. kuldemøblar, EE-avfall, bildekk, batteri og panteordningar for boksar og flasker.

Kvar innbyggjar produserer i snitt 75 kilo våtorganisk avfall i året. Om me legg dette talet til grunn, finn me at 91 prosent av det våtorganiske avfallet gjekk til attvinning i 2001.

Hushaldsavfall til attvinning (i tonn)*:




*) Berre medrekna avfall som vert samla inn på oppdrag for oss, og unnateke avfall samla inn gjennom nasjonale returordningar).

Heimekompostering

Om lag 21 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, og dette talet har halde seg stabilt dei siste fem åra. Det er likevel skilnader mellom kommunane. Austevoll ligg på botnen med 14,1 prosent, og Sveio er beste komposterkommune med 29,6 prosent.

Abonnentar som komposterer heime, slepp m.a. å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel til bruk i hage m.m., og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Heimekomposterer



8

Avfallsgebyr

Gebrysystemet

Måla for gebyrordninga er å få mindre avfall, meir attvinning, meir effektiv drift, å gjera folk medvitne om avfallet og få ei meir lik ordning.

Abonnentane kan m.a. spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Kva dekkjer gebyra?


Det er eit krav om at avfallsgebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon i kommunen, både avgiftene til SIM og eigen kommunal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune.

Alle abonnentar må betala eit grunngebyr. Dette er den delen av kostnadene knytt til renovasjon som ikkje vert dekte av dunkgebyra. Eksempel på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.


I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. Målsetjinga for selskapet er at satsane skal vera like i kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement syner kva abonnentane faktisk betalar og er korrigert for dei val abonnentane gjer når det gjeld storleik på dunkane, om dei komposterer heime eller om dei deler dunk. Den gjennomsnittlege abonnenten til SIM vil i 2002 betala 1.901 kroner inkl. mva. i renovasjonsgebyr.


Restavfall annakvar vike



Gjennomsnittsabonnement i 2002 inkl. mva:



Gebyr fritidsbustad i 2002 inkl. mva:



Medlemskommunane betalar SIM for leverte avfallsmengder, i tillegg til ei avgift for kvar abonnent. For 2002 gjeld følgjande gebyr (tal eks. mva):

Vektgebyr	1170 kr./tonn
Abonnentgebyr tredunksystem	kr./abonnent
- hus	645
- hytter	518
Fakturering abonnentar (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	28 kr./abonnent
Sakshandsaming (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	28 kr./abonnent

9

Sigevassparametrar Svartasmøget

Parameter:	Resultat 2001 snitt	Resultat 2000 snitt
-------------------	--------------------------------	--------------------------------

Fysikalske parameter:

pH-verdi	6,61	6,56
Leiingsevne mS/m	240	277,42

Næringsstoff:

Total nitrogen mg/l	139	161,49
Ammonium-N mg/l	129	144,89
Total fosfor mg/l	0,89	1,51

Organiske stoff:

KOFCr mg O/l	346	464,08
BOF mg/l	177	358

Kjemiske parameter:

Aluminium mg/l	0,139	0,188
Jarn mg/l	21,4	22,92
Klorid mg/l	144	168,18
Sulfat mg/l	11,3	128,23
Natrium mg/l	165	172,08
Kalium mg/l	75,5	108,6

Tungmetall:

Kvikksølv µg/l	0,02	0,06
Bly µg/l	5,5	3,33
Kadmium µg/l	0,24	1,29
Krom µg/l	11,3	19,42
Kopar µg/l	6,5	6,83
Sink µg/l	82,0	292,75
Bor mg/l	0,706	1055,25
Arsen µg/l	12,0	18,93
Nikkel µg/l	6,5	20,25

Organiske miljøgifter:

AOX mg/l	0,27	0,20
Fenol µg/l	58,5	177,5
Aromat µg/l	396	206,85
PAH µg/l	4,1	
PCB µg/l	< 0,25	0,02

Resultat og vurderingar

Det blir teke prøver av sigevatnet frå Svartasmøget 12 gongar per år. Parametra i grunnprogrammet blir analysert kvar gong. Fire gongar i året blir sigevatnet analysert på eit utvida program.

Analyseresultata viser små endringar i høve til føregåande år.

Samanlikna med tal frå føregående år er innhaldet av næringsstoff noko lågare. Innhaldet av organiske stoff er òg lågare enn i 2000. Nedgangen er som venta med tanke på den reduserte aktiviteten ved fyllplassen etter at mottaket av Bergens-avfallet stoppa i september 1999.

Dei fleste tungmetalla er reduserte sidan i fjar.

10

Rekneskap

Fordeling av inntekter og kostnader.

Kvar kjem inntektene frå?

Fordeling av inntekter for 2001

Tekst	kr	%
Sal av anleggsmidlar	kr 16 532	0,03
Sal kompost, kombingar, sekker med meir	kr 389 954	0,78
Andre inntekter	kr 404 217	0,81
Avgift andre kommunar	kr 647 170	1,3
Avgift slam andre	kr 681 166	1,37
Sal returvarer (papir, glas)	kr 836 859	1,68
Leigeinntekter	kr 1 000 200	2,01
Avgift miljøsentral	kr 1 413 578	2,84
Renteintekter	kr 3 471 653	6,97
Avgift slam medlemskommunane	kr 5 604 939	11,25
Avgift produksjonsavfall	kr 6 387 506	12,83
Mottak av avfall frå medlemskommunane	kr 28 945 939	58,12
Til saman	kr 49 799 714	100

Kva går kostnadene til?

Fordeling av kostnader for 2001

Tekst	kr	%
Produksjonsavfall	kr 731 757	1,7
Kompostering	kr 2 006 244	4,6
Administrasjon	kr 4 432 714	10,2
Slam	kr 4 558 655	10,5
Andre kostnader kommunal renovasjon	kr 4 814 035	11,1
Miljøsentralar	kr 6 869 418	15,8
Fyllplass	kr 8 062 130	18,6
Inntransport kommunalt avfall	kr 11 885 926	27,4
Til saman	kr 43 360 880	100

Årsoverskot **kr 6 438 834**

Balanse 2001

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Eigneluter	note	2001		2000					
Anleggsmidlar									
Varige driftsmidlar									
Tomter	4	kr	201 647	kr	201 647				
Maskinar og anlegg	4	kr	39 060 997	kr	45 464 037				
Inventar og kontorutstyr	4	kr	383 823	kr	529 396				
Sum varige driftsmidlar		kr	39 646 467	kr	46 195 080				
Finansielle anleggsmidlar									
Aksjar i datterselskap	12	kr	2 200 000	kr	2 200 000				
Andre aksjar	12	kr	33 000	kr	33 000				
Forskotering vegar	11	kr	21 869 472	kr	18 869 472				
Sum finansielle anleggsmidlar		kr	24 102 472	kr	21 102 472				
Omlaupsmidlar									
Kundekrav	2	kr	4 573 380	kr	3 068 229				
Krav på konsernselskap	2	kr	1 886 408	kr	1 575 806				
Andre kortsiktige krav				kr	5 800				
Sum krav		kr	6 459 788	kr	4 649 835				
Marknadsbaserte aksjar	13	kr	5 200 000						
Marknadsbaserte obligasjonar	13	kr	47 469 897	kr	50 000 000				
Sum investeringar		kr	52 669 897	kr	50 000 000				
Kontantar, bank		kr	13 195 906	kr	9 800 802				
Sum omlaupsmidlar		kr	72 325 591	kr	64 450 637				
SUM EIGNELUTER		kr 136 074 531		kr 131 748 189					

Gjeld og eigenkapital		2001		2000					
Eigenkapital									
Innskoten eigenkapital									
Selskapskapital									
Selskapskapital	8	kr	173 030	kr	173 030				
Opptent eigenkapital									
Annan eigenkapital	8	kr	130 130 081	kr	123 799 640				
Sum eigenkapital		kr	130 303 111	kr	123 972 670				
Kortsiktig gjeld									
Leverandørgjeld		kr	3 190 410	kr	5 657 466				
Skuldig til konsernselskap		kr	1 372 527	kr	320 804				
Skattetrekk, arb.gj.avg. feriep., mva.		kr	1 039 635	kr	1 159 662				
Anna kortsiktig gjeld	14	kr	168 847	kr	637 587				
Sum kortsiktig gjeld		kr	5 771 420	kr	7 775 519				
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		kr 136 074 531		kr 131 748 189					

Resultat 2001

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Driftsinntekter og driftskostnader

	Notar	2001		2000	
Driftsinntekter		kr	46 218 285	kr	44 314 554
Andre driftsinntekter				kr	911 796
Sum driftsinntekter		kr	46 218 285	kr	45 226 350
Bruk av tenester (transport)		kr	17 981 364	kr	17 006 548
Løn og sosiale kostnader	7	kr	5 934 393	kr	5 280 736
Andre driftskostnader		kr	11 446 099	kr	11 042 930
Ordinære avskrivningar	1, 4	kr	7 997 266	kr	8 054 537
Tap på krav	2	kr	376	kr	11 802
Sum driftskostnader		kr	43 359 499	kr	41 396 554
Driftsresultat		kr	2 858 786	kr	3 829 796

Finansinntekter og finanskostnader

Ubytte fra aksjar andre selskap		kr	3 300	kr	3 300
Renteinntekter		kr	814 143	kr	2 734 141
Andre finansinntekter	13	kr	2 719 867	kr	876
Renteutgifter		kr	7 755	kr	355
Andre finanskostnader		kr	8 035	kr	12 224
Tap v/ realisasjon av finansielle omlaupsmidlar		kr	49 867		
Netto finansposter		kr	3 471 653	kr	2 725 738
Resultat før ekstraordinære postar		kr	6 330 440	kr	6 555 534
Ekstraordinære avskrivningar				kr	2 349 233
Årsoverskot		kr	6 330 440	kr	4 206 300

Kontantstraumoppstilling 2001

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

		2001		2000
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar				
Resultat før skattekoftnad	kr	6 330 440	kr	4 206 300
Betalt skatt i perioden				
Ordinære avskrivningar	kr	7 997 266	kr	8 054 537
Ekstraordinære avskrivningar			kr	2 349 233
Vinst ved sal av anleggsmidlar			kr	-901 796
Endring i varelager				
Endring i kundefordringar og levrandørgjeld	kr	-3 229 206	kr	5 225 587
Endringar i andre tidsavgrensingar	kr	-173 961	kr	-119 743
Netto kontantstraum frå o. aktivitetar		10 924 540		18 814 118

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar				
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar			kr	4 239 486
Utbetaling ved kjøp av driftsmidlar	kr	-1 448 653	kr	-9 191 893
Utbetaling ved kjøp av marknadsbaserte aksjar	kr	-2 669 897	kr	-50 000 000
Endring i andre investeringar	kr	-3 000 000	kr	-12 200 000
Netto kontantstraum frå i. aktivitetar		-7 118 550		-67 152 407

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar				
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld				
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld				
Utbetaling ved nedbet. av langsiktig gjeld				
Utbetaling ved nedbet av kortsiktig gjeld	kr	-410 886	kr	442 073
Netto endring i kassakredit				
Utbetalinger av utbytte				
Netto kontantstraum frå f.aktiviteter		-410 886		442 073

Netto endring i kontantar og bank		3 395 104		-47 896 215
--	--	------------------	--	--------------------

Kontantar, bank ol.				
ved starten av perioden (01.01.)	kr	9 800 802	kr	57 697 017

Kontantar bank ol.				
ved slutten av perioden (31.12.)	kr	13 195 906	kr	9 800 802

Tilleggsopplysning
Kontantar og bank består av kasse og skattetrekkskonto.
Skattetrekkskontoen utgjer kr. 315 624,-.

Konsernbalanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

EIGNELUTER	Note		2001		2000
Anleggsmidlar, immaterielle egedeler					
Goodwill	4	kr	800 000		
Sum immaterielle egedeler		kr	800 000		
Varige driftsmidlar					
Tomter	4	kr	6 789 890	kr	201 647
Maskinar og anlegg	4	kr	51 388 026	kr	49 404 434
Bilar og anlegg	4	kr	8 075 739		
Inventar og kontorutstyr	4	kr	3 472 380	kr	529 395
Sum varige driftsmidlar		kr	69 726 035	kr	50 135 476
Finansielle anleggsmidlar					
Andre aksjar	12	kr	203 000	kr	33 000
Marknadsbaserte aksjar	13			kr	51 500 000
Forskottering vegar	11	kr	21 869 472	kr	18 869 472
Sum finansielle anleggsmidlar		kr	22 072 472	kr	70 402 472
SUM ANLEGGSMIDLAR		kr	92 598 507	kr	120 537 948
Omlaupsmidlar					
Kundekrav	2	kr	18 659 692	kr	6 267 743
Andre kortsiktige krav	2	kr	529 841	kr	191 085
Sum krav		kr	19 189 533	kr	6 458 828
Marknadsbaserte aksjar	13	kr	5 200 000		
Marknadsbaserte obligasjonar	13	kr	47 469 897		
Sum investeringar		kr	52 669 897		
Kontantar, bank	6	kr	14 914 150	kr	10 828 808
Sum omlaupsmidlar		kr	86 773 580	kr	17 287 636
SUM EIGNELUTER		kr	179 372 087	kr	137 825 584
Gjeld og eigenkapital					
Eigenkapital, innskoten eigenkapital					
Selskapskapital	8	kr	173 030	kr	173 030
Opptent eigenkapital					
Annan eigenkapital	8	kr	133 818 358	kr	124 478 684
Sum eigenkapital		kr	133 991 388	kr	124 651 714
Utsett skatt	15	kr	1 562 928	kr	178 180
Lån	3,5	kr	25 766 109	kr	3 522 277
Sum langsiktig gjeld		kr	27 329 037	kr	3 522 277
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld		kr	9 999 952	kr	6 593 609
Betalbar skatt	15	kr	588 562	kr	155 000
Skattetrekk, arb.gj.avg. mva, osfr.		kr	3 975 590	kr	2 087 217
Anna kortsiktig gjeld	14	kr	3 487 556	kr	637 587
Sum kortsiktig gjeld		kr	18 051 660	kr	9 473 413
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		kr	179 372 087	kr	137 825 584

Konsernresultat 2001

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Notar		2001		2000
Driftsinntekter		kr 83 202 924		kr 53 820 394
Vinst ved sal av driftsmidlar		kr 10 613		kr 911 796
Salsinntekter		kr 83 213 537		kr 54 732 190
Varekostnad (transport)		kr 20 979 041		kr 18 019 772
Løn og sosiale kostnader		kr 24 397 642		kr 9 746 996
Ordinære avskrivningar	4	kr 12 070 841		kr 9 247 904
Andre driftskostnader		kr 16 841 445		kr 13 256 037
Tap på fordringar	2	kr 66 526		kr 68 714
Sum driftskostnader		kr 74 355 495		kr 50 339 423
Driftsresultat		kr 8 858 042		kr 4 392 767
Finansinntekter og finanskostnader				
Utbryte frå aksjar andre selskap		kr 3 300		kr 3 300
Renteintekter		kr 1 054 985		kr 2 781 648
Andre finansinntekter	13	kr 2 719 867		
Rentekostnader		kr 1 731 918		kr 296 381
Andre finanskostnader		kr 134 058		kr 26 310
Tap v/ realisasjon av finansielle omlaupsmidlar		kr 49 867		
Netto finanspostar		kr 1 862 309		kr 2 462 257
Resultat før skatt og ekstraord. kostnader		kr 10 720 351		kr 6 855 024
Ekstraordinære kostnader				
Ekstraordinære avskrivningar			kr 2 349 233	
Skattekostnad				
Skattar	15	kr 1 207 651		kr 110 600
Årsoverskot		kr 9 512 700		kr 4 395 191
Overføringer:				
overført til annan eigenkapital		kr 9 512 700		kr 4 395 191
Sum overføringer		kr 9 512 700		kr 4 395 191

Notar til rekneskaben 2001

Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskaben er sett opp i samsvar med rekneskapslov og lov om ansvarlege selskap og komandittselskap, lov om aksjeselskap og tilrådingar til god rekneskapsskikk for små selskap.

Bankinnskot og krav som forfell innan eit år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Elles er eignelutene klassifiserte som anleggsmidlar.

Kundekrav

Kundekrav er ført opp i balansen som pålydande.

Aksjar i andre selskap

Aksjane er ført opp med historisk skaffekostnad.

Marknadsbaserte aksjar

Marknadsbaserte aksjar er vurderte til skaffekostnad i samsvar med rekneskapslova.

Varige anleggsmidlar og avskrivningar

Anleggsmidlane er ført opp med historisk skaffekostnad og tilgang i år, med fråtrekk av avskrivningar frå tidlegare år og avgang i året. Det er brukt lineær avskriving.

Pensjonsskyldnad

Pensjonsansvaret til selskapet i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei avgrensning i samsvar med tariffavtalen i kommu-

nal sektor, og stettar dei kriteria for det som vert kalla tilskotsplan. I samsvar med internasjonal praksis for slike planar er den årlege pensjonskostnaden som er ført i rekneskaben 2001 lik den innbetalte pensjons-kostnaden i perioden.

I tillegg til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem yting av pensjon som er avtalt for dei mellom 63 og 64 år, frå 01.03.98 gjeld dette også for dei som er fylt 62 år. Desse ytингane meiner partane i kommunal sektor er midlertidige, og ein trur dei vert endra i åra framover. Difor er dei ikkje inne i tenestepensjonsordninga. Det er arbeidsgjevar som betalar dette tilskotet i prosent av pensjonsgrunnlaget. Kostnadene til desse ytингane framover er svært usikre. For 2001 reknar ein med at kostnadene er 0,35 % av pensjonsgrunnlaget.

Ordninga omfattar fast tilsette, engasjement og vikarstillingar, og premien fordeler seg med 2 % på arbeidstakar og 9 % på arbeidsgjevar. I 2001 omfattar pensjonsordninga 26 personar.

Konsern

Konsernrekneskaben femner morselskap og datterselskapet, SIM Næring AS, der Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA eig 100 % av aksjane. Konsernrekneskaben viser konsernet sitt resultat og balanse som eit selskap. Interne transaksjoner og mellomverande i konsernet er skild ut.

Note 2. Kortsiktige krav

		SIM 2001		Konsern 2001		SIM 2000		Konsern 2000	
Kundekrav	kr	4 623 380		kr	18 834 692	kr	3 118 229	kr	6 431 746
Avsett til tap på krav	kr	-50 000		kr	-175 000	kr	-50 000	kr	-175 000
Sum kundekrav, balanse	kr	4 573 380		kr	18 659 692	kr	3 068 229	kr	6 256 746
Uteståande mellom konsernselskap		SIM 2001				SIM 2000			
Kundefordringar	kr	1 886 408				kr	1 575 806		
Leverandørgjeld	kr	1 372 527				kr	320 804		
Andre kortsiktige krav, balanse			kr	529 841		kr	5 800		
SUM krav balanse	kr	6 459 788	kr	19 189 533		kr	4 649 835		
Realisert tap - endring tap på krav	kr	376	kr	66 526	kr	11 802	kr	28 714	
Tap på kundekrav, resultatført	kr	376	kr	66 526	kr	11 802	kr	40 000	
								68 714	

Note 3. Pant

Gjeld som forfell til betaling meir enn 5 år frå slutten av rekneskapsåret kr 4 323 410

	SIM 2001	Konsern 2001	SIM 2000	Konsern 2000
Pantelån		kr 25 766 109		kr 3 522 277
Bokførte eigneluter stilt som tryggleik for pantelån		kr 29 961 723		kr 3 913 058

Note 4. Anleggsmidlar (sjå også Note 4, side 27)

	Totalt inventar og kontorutstyr	Totalt maskinar og anlegg	Totalt Sim
Skaffekostnad 1/1	Kr 2 207 608	Kr 95 468 168	Kr 97 675 776
Tilgang	Kr 172 651	Kr 1 276 003	Kr 1 448 654
Avgang	Kr -	Kr -	Kr -
Skaffekostnad 31/12	Kr 2 380 259	Kr 96 744 171	Kr 99 124 430
Akk.avskr. 31/12	Kr 1 996 437	Kr 57 683 173	Kr 59 679 610
Bokført Verdi 31/12	Kr 383 822	Kr 39 060 998	Kr 39 444 820
Årets Ekstraord. Avskr.	Kr -	Kr -	Kr -
Årets Ord. Avskriving	Kr 318 223	Kr 7 679 043	Kr 7 997 266

	Totalt bilar Konsern	Totalt utstyr konsern	Totalt bygg/ brakkerigg konsern
Skaffekostnad 1/1	Kr 26 041 561	Kr 3 247 983	Kr 1 818 949
Tilgang	Kr 1 206 100	Kr 1 579 464	Kr 4 340 376
Avgang	Kr 250 000		
Skaffekostnad 31/12	Kr 26 997 661	Kr 4 827 447	Kr 6 159 325
Akk.avskr. 31/12	Kr 14 142 250	Kr 2 216 869	Kr 410 787
Bokført Verdi 31/12	Kr 12 855 411	Kr 2 610 558	Kr 5 748 538
Årets Ekstraord. Avskr.			
Årets Ord. Avskriving	Kr 3 401 558	Kr 525 179	Kr 146 838

	Totalt konsern	Totalt tomter konsern
Skaffekostnad 1/1	Kr 128 784 269	Kr 674 262
Tilgang	Kr 8 574 594	Kr 5 283 759
Avgang	Kr 250 000	
Skaffekostnad 31/12	Kr 137 108 863	Kr 5 958 021
Akk.avskr. 31/12	Kr 76 449 516	
Bokført Verdi 31/12	Kr 60 659 347	Kr 5 958 021
Årets Ekstraord. Avskr.	Kr -	
Årets Ord. Avskriving	Kr 12 070 841	

Ved kjøp av Innvær ContainerService AS, som har endra namn til Sim Transport AS var det meirverdiar på kr. 3.908.689,-.
Denne meirverdien er tilordna slik:

Goodwill	Kr 800 000
Tomter	Kr 315 683
Maskinar Og Anlegg	Kr 508 369
Bilar Og Anlegg	Kr 1 260 637
Inventar, Utstyr Og Kontainarar	Kr 1 024 000
Sum	Kr 3 908 689

Note 5. Lånetilsegn

SIM har kommunale garantiar på kr. 10 mill per 31.12.97, som det ikkje er teke opp lån for.

Note 6. Bundne skattetrekksmidlar

Konsernet har bundne skattetrekksmidlar med kr 1 028 823

Note 7. Lønskostnader

I gjennomsnitt har det vore tilsett 14,5 personar i 2000

Spesifikasjon av lønskostnader

Løn	kr	4 427 609
Avgifter	kr	623 459
Pensjon	kr	492 017
Andre kostnader	kr	391 307
Totalt	kr	5 934 393

Inne i desse kostnadane er det løn til dagleg leiar med kr 407 440,- i løn/feriepengar.

Det er og betalt kr 44814,- i pensjon for dagleg leiar og kr 107 635,- i styregodtjersle til styret.

I tillegg er det utbetal kr 35 000 i honorar til revisor

herad kommune. Midlane skal tilbakebetaltast over 2 år.

Forskottertinga er renteberande.

Utbetalt forskot veg i Kvinnherad 1999	kr 2 069 472
Tilbakebetalast innan år 2002	kr 2 276 419

Differansen skal dekkja kostnader SIM har i samband med forskottertinga.

RV545 Dyvik – Utslettevegen
SIM forskotterer her ein samla sum på kr. 15 000 000,-

Fitjar kommune og Stord kommune skal betala rente til SIM for 60 % av beløpet.

Kommunane refunderar SIM to gongar årleg.

Note 12. Aksjar og andelar i datterselskap og andre selskap

I 1997 vart SIM Nærings AS oppretta, dette er eit heileigd datterselskap av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA. Aksjekapitalen var då på kr 200 000,-. I 2000 vart aksjekapitalen auka med 2 000 000,-, fordelt på 2 200 aksjar. Selskapet har og bokført aksjar i REKOM AS for kr 33.000,- fordelt på 66 aksjar à kr 500,-

I 2001 kjøpte SIM Nærings AS opp Innvær Containerservice AS for kr. 6.750.000,-. Selskapet er 100 % heileigd av SIM Nærings AS og har endra namn til SIM Transport AS, SIM Transport AS eig ICS Rogaland AS. SIM Nærings AS har i 2001 bokførte aksjar i RETURA

Note 8. Eigenkapital

Selskapskapital

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketalet per 1.1.89. Den fordeler seg slik:

Austevoll kommune	kr	14 850,00
Bømlo kommune	kr	32 092,00
Fitjar kommune	kr	10 260,00
Kvinnherad kommune	kr	43 000,00
Stord kommune	kr	48 014,00
Sveio kommune	kr	15 180,00
Tysnes kommune	kr	9 634,00
Totalt	kr	173 030,00

Annan eigenkapital

Endringa av annan eigenkapital skuldast årsoverskot 2001.

	SIM	KONSERN
IB	kr 123 972 671	kr 124 478 688
Resultat 2001	kr 6 330 440	kr 9 512 700
(Internt utbytte)		
UB	kr 130 303 111	kr 133 991 388

AS for kr. 170.000,- fordelt på 100 aksjar à kr. 1700,-

Note 13. Marknadsbaserte aksjar

Verdipapirfond

	SIM
KONSERN	
Skaffekostnad kr 50 000 000	kr 50 000 000
Realisert i 2001	kr 2 669 897
2 669 897	kr
- urealisert vinst per 31.12.01	kr 1 282 106
1 282 106	kr
Marknadsverti per 31.12.01	kr 53 952 003
53 952 003	kr

Note 9. Etterdrift

Det er i konsesjonen krav til etterdrift av fyllplass i 30 år, men det er ikkje krav til å setja av økonomiske midlar.

Note 10. Skatteplikt

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA fekk i 1996 varsel om skatteplikt for selskapet, saka vart ferdig behandla i 2001 og konkluderer med at Fylkesskattekontoret ifølgje vurderingar ut frå likningslova § 9-5 nr.7 ikkje vil ta opp spørsmål om skatteplikt for selskapet.

Note 11. Forskottering av veg

Etter avtale med Fitjar kommune, skal SIM forskottera inntil 16,8 mill.kroner til veg. Desse er no utbetalt, og vert klassifisert som finansielle anleggsmidlar. Denne forskottertinga er ikkje renteberande.

Ved utbygging av Kvinnherad Miljøsentral inngjekk SIM ein avtale om å forskottera kostnader med veg på industriområdet med Kvinn-

Note 14. Kortsiktig gjeld

Annan oppsamla kostnad, ikkje forfalt	kr
3 487 556	kr
Kortsiktig gjeld	kr
3 487 556	kr

Note 15. Skatt i konsernrekneskapen

Skattekostnaden i konsernet består av:

Betalbar skatt på inntekt i 2001:	kr
588 626	kr
Utsett skatt	kr
619 025	kr
Skattekostnad	kr
1 207 651	kr

Note 4. Investeringstabla

Oversyn over investeringar dei siste 5 åra. Kolonna for sal er vist der dette er aktuelt.

	SIM		SIM		SIM		SIM	
	1997	1997	1998	1998	1999	1999	2000	2000
	Investering	sal	Investering	Investering	Investering	Investering	sal	Investering
Bilar	kr 245 969		kr 220 263		kr 1 989 953		kr 1 044 000	
Bilvekter			kr 108 249		kr 227 353		kr 116 060	
Maskinar	kr 1 337 500	kr 297 356	kr 3 985 242	kr 172 204	kr 2 173 217	kr 274 104	kr 98 531	
Konteinarar	kr 972 276		kr 893 857	kr 733 829				
Affallsbeholdarar	kr 4 470 621		kr 1 274 541					
Inventar	kr 75 865		kr 28 676					
Kontormaskinar	kr 72 580		kr 436 502	kr 143 355	kr 386 167		kr 172 650	
Fylplass	kr 3 568 638		kr 2 097 931	kr 1 329 016	kr 1 264 723		kr 206 168	
Veg industriomr			kr 270 000					
Miljøsentralar	kr 1 691 906		kr 14 237 170					
Eldøy	kr 4 129 003	kr 4 104 969						
Bygg	kr 693 885		kr 350 357	kr 67 539			kr 403 651	
Hytterenov.prøve			kr 592 831	kr 262 238			kr 94 787	
Komposthall			kr 4 086 529	kr 1 319 283			kr 356 806	
TOTALT	kr 17 258 243	kr 297 356	kr 13 770 587	kr 23 535 690	kr 9 191 895	kr 1 044 000	kr 1 448 653	
	Konsern		Konsern		Konsern		Konsern	
	1997	1997	1998	1998	1999	1999	2000	2000
	Investering	Sal	Investering	Investering	Investering	Investering	Sal	Investering
Bilar	kr 245 969		kr 220 263		kr 300 000		kr 1 206 100	
Bilvekter	kr -		kr 108 249	kr 172 204	kr 1 264 953		kr 250 000	
Maskinar	kr 1 337 500	kr 297 356	kr 3 985 242	kr 1 524 173				
Vognlog	kr 1 482 711		kr 1 231 320	kr 893 857	kr 620 000			
Komprimatorbil			kr 1 274 541	kr 2 173 217	kr 828 438		kr 442 279	
Konteinarar	kr 1 004 376		kr 28 676	kr 733 829	kr 274 104		kr 98 531	
Affallsbeholdarar	kr 4 470 621						kr 1 253 246	
Inventar	kr 117 276							
Batteriboksar					kr 40 950			
Kontormaskinar	kr 72 580		kr 436 502	kr 143 355	kr 386 167		kr 172 650	
Fylplass	kr 3 568 638		kr 2 097 931	kr 1 329 016	kr 1 264 723		kr 206 168	
Veg industriomr			kr 270 000					
Miljøsentralar	kr 1 691 906		kr 4 104 969	kr 14 237 170	kr 3 468 074		kr 403 651	
Eldøy	kr 4 207 113							
Brakkerigg anlegg							kr 4 340 376	
Bygg	kr 693 885		kr 350 357	kr 67 539			kr 94 787	
Hytterenov.prøve			kr 592 831	kr 262 238			kr 356 806	
Komposthall			kr 4 086 529	kr 1 319 283				
Papirpresse			kr 212 212					
TOTALT	kr 18 892 575	kr 297 356	kr 16 526 080	kr 23 576 640	kr 11 100 192	kr 1 044 000	kr 8 574 594	kr 250 000

KOMMUNEREVISJONEN FOR SUNNHORDLAND

Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord

Til

Representantskapet i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA.

REVISJONSMELDING FOR 2001


Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA for rekneskapsåret 2001, som syner eit årsoverskot på kr. 6.330.440 for morselskapet og eit årsoverskot på kr. 9.512.700 for konsernet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, opplysningar i notar og konsernrekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiari for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre høve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formula og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjon vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med rekneskapsskikk i Noreg.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Stord, 13. mars 2002.


Jon Oppdal
Revisjonssjef



SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Svartasmøget N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Internett: www.sim.as
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA